

Bergen og omland friluftsråd

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2035 - 15/35561

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

23.11.2015

## Kunngjering av vedteken kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden

Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vart i medhald av plan- og bygningslova § 11-5 vedteken av kommunestyret i møte den 24.09.2015, sak 80/15.

Planen vert med dette kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11 – 15, 2 ledd.

Hovudmålet med planarbeidet har vore å synleggja verdiar og leggja rammer for korleis området kan verta utvikla vidare utan at det går ut over bereevna. Det har i arbeidet vore eit føremål å sikra større samanhengande friluftsområde og verdfullet natur- kulturmiljø, leggja til rette for friluftsliv og oppleving for ålmenta, oppretthalda busetnaden innanfor planområdet ved å opna for spreidd bustadbygging (LNF- spreidd) eller mindre byggjefelt, leggja til rette for småskala fritids- og turistføremål, leggja til rette for mindre område med fritidsbustader, setja av område for småbåthamn, opne for utviding/fortetting av eksisterande naustområde og finna fram til område som kan prioriterast for skjøtsel av kulturlandskap.

Det er gjort endringar i føresegnene slik at det på eit stort tal eksisterande bustader og fritidshus kan verta utført mindre tiltak utan at det er trong for å søkja dispensasjon.

Plandokumenta er tilgjengelege på braPLAN ([www.geoweb.no/braplan](http://www.geoweb.no/braplan)) med plan-ID 1263-200810.

Dokumenta er og å finna på Lindås kommune sine heimesider [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no) .

Dokumenta er også tilgjengelege på Lindås rådhus (kommuneekspedisjonen) for gjennomsyn.

Kommunestyret sitt vedtak kan ikkje påklagast, jf. plan- og bygningslova § 11-15, 3 ledd.

Med helsing

Arnold Matre  
avdelingsleiar

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Bergen og omland friluftsråd			
Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Lygra grunneigarlag	Lurevegen 1453	5912	SEIM
Naturvernforbundet i Nordhordland	Hopland	5943	AUSTRHEIM
Nordhordland handverk og industrilag	Kvassnesvegen 11	5914	ISDALSTØ
Nordhordland lensmannskontor	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonselskap	Kjevikdalen	5956	HUNDVIN
NVE, region vest	Boks 53	6801	FØRDE
Skyss AS	Serviceboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen region vest	Askedalen 4	6861	LEIKANGER
Telenor servicesenter for nettutbygging	Postboks 7150	5020	BERGEN
Fiskeridirektortet, region vest	Postboks 185 sentrum	5804	BERGEN
Lindås bygdelag	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Lindås Båtforening	Grønfjellet 3	5955	LINDÅS
Lindås tomteselskap	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Universitetet i Bergen	Postboks 7803	5020	BERGEN